



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Haugland, Meline Heimdal	Arkivkode: FE - 033
Arkivsaksnr: 10/309	Løpenr: 17/8447
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2017	045/2017

Førespurnad til kommunen om oppnemning av nytt medlem/varamedlem for Tomas Martin Nordviks Stifting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune oppnemner Solvor Aadland som varamedlem for Tomas Martin Nordviks Stifting fram til ny oppnemning av styremedlemmar i 2019.

Dokument som er vedlagt:

Epost frå styret for Tomas Martin Nordviks stiftelse 01.09.17

Vedtekter for Tomas Martin Nordviks stifting

Epost frå Samnanger Historielag 12.12.16

Saksframlegg - Val av medlemmer 2015-2019

16.11.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Vidar Tveitarås (A) stilte spørsmål om sin gildskap, då han set som styremedlem i Tomas Martin Nordviks Stifting.

Han gjekk ifrå medan resten av kommunestyrerepresentantane røysta over om han er gild eller ugild.

Eit samrøystes kommunestyre fant Vidar Tveiterås (A) gild i saka og han gjekk tilbake til plassen sin.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

KS- 045/2017 Vedtak:

Samnanger kommune oppnemner Solvor Aadland som varamedlem for Tomas Martin Nordviks Stifting fram til ny oppnemning av styremedlemmar i 2019.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Ingen

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune mottok 01.09.2017 e-post med førespurnad frå styret i Tomas Martin Nordviks stifting v/Hanne Yndestad Aadland. Styret i stiftinga ber om at det vert oppnemnt ein varamedlem.

Det går fram av eposten at det ved sist val for 2015-2019 ikkje vart oppnemnt ein varaperson slik det har vore tidligare. Ein av medlemmane i styret ber no sjølv om avløyning, grunna alder og sjukdom. Det vert difor bedt om at kommunen oppnemner ein varamedlem slik at stiftinga får eit godt fungerande styre fram til ny oppnemning i 2019.

Styret i stiftinga har hatt kontakt med Samnanger Historielag og snakka med Solvor Aadland som gjerne vil gjera ein jobb i styret. I følgje styret var det som stoppa denne oppnemninga i 2016 at Solvor Aadland ikkje sit i kommunestyret. Styret i stiftinga tolkar ikkje vedtektene slik at varamedlem må vera medlem i kommunestyret for å sitja i styret til stiftinga.

For perioden 2015-2019 vart Samnanger Historielag invitert til å foreslå medlemmar til nytt styre for Tomas Martin Nordviks stifting. Historielaget foreslo Hanne Yndestad Aadland, Olav Lien og Vidar Tveiterås til å sitta i styret. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke i Kommunestyret 17.12.17.

I etterkant av valet har kommunen mottatt e-epostar frå Samnanger Historielag og styret i Tomas Nordviks stifting kor dei ber om at kommunen oppnemner ein varamedlem, med framlegg om at det vert Solvor Aadland (12.12.2016 og 01.09.2017).

Oppmodinga har ikkje vorte teke til følgje av kommunen.

Vurderingar og konsekvensar:

I Vedtekter for Tomas Martin Nordviks stifting står det følgjande om samansetning av stiftinga:

4. Stiftinga skal ha eit styre på 3 medlemmer.
5. Styremedlemmene vert valde av Samnanger kommune.
Styremedlemmene vert vald for 4 år og skal ha interesse for lokalhistorie.

Som det står i vedtektene skal stiftinga ha eit styre på 3 medlemmar. Vedtektene seier ingenting om varamedlem. Det er heller ikkje funne dokument som seier at styret i stiftinga skal ha 1 politisk medlem.

Framover mot oppnemning av nytt styre i 2019 vil noverande styre i praksis kun ha 2 aktive medlemmar, grunna tredje medlem som sjølv bed om avløyning. Oppnemning av eit varamedlem vil sikra at stiftinga får eit fullstendig styre fram mot 2019. Eit av kriteria for val av styremedlem er interessa for lokalhistorie. Solvor Aadland sitt i styret for Samnanger Historielag og har interesse for lokalhistorie. Som frivillig har ho vore med på å ta vare på

eigendomen, som er føremålet med stiftinga. Solvor vil verta ein god ressurs for Tomas Martin Nordviks stiftinga. Solvor har sjølv stadfesta at ho ønskjer å sitja i styre per telefon 19.09.17.